



På laurdag kan du ro til fjells

Eller kanskje ikkje heilt til fjells, men i alle fall frå Osøyro til Skjørsand i Fusa, og vidare til fots derifrå. Laurdag inviterer nemleg Oselvarlaget og Fusa Turlag til arrangementet «Ro til fjells», som ein del av Kystsogeveke. Turen

går over Fusafjorden, og frå Skjørsand til Bogaffjell (438 meter over havet). Det er høve til å vera med i andre sine robåtar, om ein ikkje stiller med eige fartøy.

– Ja, eg er godt fornøgd no. Men dette gav meirsmak

Hjortejakt-debutanten Carl Andre Dale (19) som skaut to bukkar i helga.



HELDT FOREDRAG: Det var Birger Lindanger som søndag fortalte engasjert om «den store mannedauden» i Tysnes.



FRÅ HÅLANDSNESET: Harald Haaland fortel at han lærte mykje nytt om korleis peten herja på Tysnes.



NY KUNNSKAP: Det var ein lydhør gjeng som møtte opp i det gamle skulehuset i Skorpo på søndag.

Den store mannedauden i Tysnes

Søndag skipa Tysnes soge-lag, i samarbeid med Kyst-sogeveke, til det etter kvart årvisse sogetreffet i grendehuset – det gamle skulehuset i Skorpo. Em-net denne gongen var «Den store mannedauden i Tysnes, og noko attåt».

Foredragshaldar var historikar Birger Lindanger.

– Pesten endevende alt i Noreg, og etter pesten oppstod ei ny tid, sa han.

Pest har det vore i verda frå dei eldste tider, og pest herjar nokre stader enno i vår tid. Ein kjenner til ein pest som rasta 1100 år før Kristus. Han er omtala i Samuels bok. Svartedauden reknar ein med oppstod i grenseområdet mellom Mongolia og Kina, og spreidde seg raskt derifrå langs «Silkevegen», som var ei viktig ferdssåre på den tida.

Mange vart skuldfrie

Dei som skreiv mest om pesten, var irske munkar. Ein munk skriv at han kjende det nærma seg slutten og ville få skriva ned det han såg og opplevde. Han skreiv, men midt i ein setning var det slutt.

Nokre såg på pesten som eit gode. Dei som hadde skuld vart skuldfrie når dei skulda pengar døydde. Viss ein kreditor kom på døra, kunne folk visa seg i døra og seia dei var sjuke, og så forsvann pengeinnskrevjaren i redsla for å bli smitta. «Pesten ryddar ut pakket», kunne dei seia.

Pesten spreidde seg med lopper. Loppene hadde tilhald på rotter. Den brune rotta er usosial og held seg gjerne borte frå folk. Med den svarte rotta er sosial og held seg nær menneske. Det var denne som spreidde pesten. Ei rotte kunne gjerne ha 100 lopper. Frå rottene kom loppene gjerne over på menneske ved at rottene strauk seg inntil føtene på folk. Frå føtene spreidde så smitten seg vidare i kroppen.

Byllepest kunne ein overleva, men nådde smitten lungene, var det inga bergingsvon. Om nokon rørte ved byllane, kunne dei bli smitta, og om nokon som hadde fått infiserte lungar hosta, spreidde smitten seg som dropsmitte igjennom lufta. Også husdyr, til dømes griser, kunne bli smitta.

Lite kunnskap

Inkubasjonstida var ein-to

veker. Men dette var ukjent på den tida. Folk hadde heller ikkje kunnskap om smitte. Ein skikk dei hadde på den tida når nokon døydde, var å kyssa den døde. Dette kunne gje smitte direkte, men og ved at loppene hoppa over frå den døde, kalde kroppen og over på den levande, varme.

Når nokon vart sjuke, såg dei på det som ei Guds straff. Då måtte dei blidgjeri Vårherre. Det kunne dei til dømes gjera ved å gå i opptog eller piska seg sjølve til blods. Etter ei tid bestemte endatil kongen at alle skulle gå i opptog rundt den lokale kyrkja kvar fredag og hylla St. Sebastian. Han var vernehelgen mot pest, men ikkje ein helgen som til då hadde blitt dyrka i Noreg.

Eit lite stikk

Ein reknar det som sikkert at pesten kom frå England til Bergen. Bergen var på denne tida den suverente største byen i landet, og hadde stor internasjonal kontakt. Ein kan tenkja seg at til Tysnes kom han med folk som reiste til Bergen for å selja matvarer som kjøt og korn eller andre varer. Eit lite stikk frå ei loppe tenkte dei nok ikkje på som noko farleg, men etter

om lag ei veke braut så sjukdomen ut og smitten spreidde seg snart vidare.

Lindanger fortalde at dei fleste bygdelag i landet har segner frå Svartedauden. Dette er truleg vandresegner, for ein finn dei same segnene fleire stader. Etter pesten var busetnaden mange stader nesten borte. Såleis også i Tysnes. Ei segn fortel om at den einaste som overlevde i Lundebygda var ein gut frå Gripne. Han gjekk opp på Tysnessåta og såg røyk i Kvinnherad. Han kom seg dit og fann seg ei jente.

På Onarheim levde berre ei jente med namnet Ili att, fortel segna. Ho gjekk over fjellet for å sjå etter andre overlevande. Då ho kom til Ilefjellet, såg ho lys nedi bygda, og gjekk ned. Der treffe ho ein gut og vart verande. Garden kalla dei Lande, for det var dette landet jenta såg. Og fjellet som vart oppkalla etter Ili heiter framleis Ilefjellet.

Stor nedgang i folketallet

På Tysnes reknar ein med det budde omlag 1300 menneske då pesten braut ut. I 1519 reknar ein folketallet til omlag 530. Etter pesten vart det såleis mange ledige gar-

dar. Dei som overlevde tok dei beste gardane.

Med Svartedauden vart kunnskapen om pest betre. Såleis hadde dei betre kontroll seinare, og til dømes isolerte dei seg når det kom bod om pest.

Eitt resultat av pesten var at giftealderen gjekk ned. Når folk skulle gifta seg, var det krav frå presten at dei skulle eiga jord for å brødfø ein familie. Etter kvart vart det mangel på jord, og folk som ville gifta seg måtte gjerne venta på ledig jord. Giftealderen før pesten var omlag 30 år. Etter pesten var det mange ledige gardar, og giftealderen gjekk merkbar ned.

– Interessant

Harald Haaland hadde teke turen frå Hålandsneset for å høyra foredraget.

– Dette var interessant. Her var det mykje eg ikkje visste frå før av, sjølv om eg har lese om det. Det måtte vera ei frykteleig tid for dei som stod oppi det. Men det vart nok bra seinare, med god plass for dei som overlevde, seier han.

AV HARALD SKORPEN